

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er godkjent.

Møtedato: torsdag 12. juni 2014

Stad: HF-bygget, Bergen

Til stades:

Frå gruppe A: Ludmila Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette Myre Jørgensen (spansk) og Kjetil Berg Henjum (tysk)

Frå gruppe B: Kristian Rusten

Frå gruppe C: Kari Soriano Salkjelsvik

Frå gruppe D: Henriette Solheim og Stine Bach

Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær. Den påtroppande instituttleiaren Åse Johnsen møtte som observatør.

Innkallinga og sakspapira til møtet ligg på <http://www.uib.no/fremmedsprak/22348/innkallingar-og-sakspapir-instituttr%c3%a5det>.

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjende utan merknader.

## **Sak 2 – godkjenning av referat frå rådsmøtet 15. januar 2014**

Godkjent utan merknader.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A. Breivik orienterte om utlysingar og tilsetjingar ved instituttet medio juni 2014: lektor på arabisk (50 prosent), to førsteamanuensisstillingar i engelsk lingvistik, ny instituttleiar, vikar for dekana i italiensk litteratur, stipendiatstilling øyremerkt japansk, lektorstilling i japansk (50 prosent), professor/førsteamanuensis i kinesisk, latinamerikansk kulturkunnskap, postdoktor på LINGCLIM-prosjektet, fast professorstilling i forlenginga av prosjektet Modernism and Christianity, professor II på dei nasjonale prøvane i engelsk, førsteamanuensis i spanskamerikansk litteratur, vikar for den nye instituttleiaren som førsteamanuensis i spansk språk, open stipendiatstilling, vikariat i tysk fagdidaktikk, to faste studiekonsulentstillingar og to vikariat som studiekonsulent.
- B. Fakultetet har gitt institutta ekstra smådriftsmidlar, og IF får 120 000 kroner av desse. Søknader skal sendast til forskingskonsulent Jan A. Johansen, fristen er 20. juni og pengane må brukast opp i 2014.

## **Sak 4 (står som sak 3 i innkallinga) – Rekneskap 2013 og budsjett 2014**

Administrasjonssjef Uthaug orienterte om saka.

*Vedtak (samrøystes): Instituttrådet tek til orientering rekneskapen for 2013 og vedtek det framlagte budsjettet for 2014.*

**Sak 5 (står som sak 4 i innkallinga) – Prioritering av stillingar til fakultetsbudsjettet 2015**

Instituttleiar Breivik orienterte om saka. Henjum meinte det må presiserast i argumentasjonen overfor fakultetet at tysk misser ei stilling eitt år tidlegare enn det som er lagt til grunn i bemanningsplanen (Ekroll). Det bør òg stå i grunngevinga for tyskstillinga at éi stilling på språkdisiplinen er «for lite».

*Framlegg til vedtak (samrøystes): Instituttrådet sluttar seg til den framlagde lista med stillingsprioriteringar til budsjettet for 2015.*

**Sak 6 (står som sak 5 i innkallinga) – Ymse**

- A. Kari Haugland tok opp at instituttet bør ha skriftlege retningsliner for den administrative oppfølginga av den sakkunnige komiteen (kven har ansvaret for kva, når blir det gjort, korleis blir det gjort, osv). Det same bør instituttet ha når det gjeld disputasar. Jørgensen støtta ønsket frå Haugland. Jørgensen ønskte seg òg instruksar på spansk og ev. andre språk i tillegg til engelsk. Forskingskoordinator ved instituttet får ansvaret for å følgja opp denne saka.
- B. Breivik meinte fakultetet snarast mogleg må få omsett retningslinene for tilsetjing i vitskaplege stillingar til engelsk. Instituttet sender eit brev til fakultetet om dette.

Leiv Egil Breivik,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef